



ÅL KOMMUNE

Torget 1

3570 ÅL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Brede Kihle, 32266865

Ål - Motsegn og faglege merknader til forslag til kommuneplanen sin arealdel for perioden 2023 til 2035

Vi viser til brev av 20. april 2023.

Vi meiner Ål kommune har gjennomført eit omfattande og godt arbeid med arealdelen kor dei nye arealinnspela er framstilt og greia ut på ei oversiktleg måte. Ut frå nasjonale og viktige regionale interesser har vi likevel nokre motsegn til konkrete arealinnspel og føresegn som rårer ved våre ansvarsområde.

Dette er følgjande føresegn:

- Manglande plankrav
- Byggeforbod langs vassdrag innafor byggjeområda
- 25 nye hytter innafor LSF B-områda
- Opning for utviding av hytter innafor LSF A-områda

Motsegn til konkrete areal:

- BU30
- LSB40
- LSB41
- LSN20
- LSB20
- Ål skisenter
- RU50
- RU51
- RU53
- RU40
- NÆ06

Vi viser elles til våre faglege råd og merknader nedanfor og bakgrunn for dei enkelte motsegna.

Bakgrunn

Ål kommune har valt å leggje forslag til ny arealdel av kommuneplanen til offentleg ettersyn. Planen gjelder for perioden 2023 til 2035 og vil erstatte dagens plan som blei vedtatt i 2010.



Det går fram av oversendinga at nytt forslag ikkje omfattar nye byggeområde til fritidsbustader. Det er valt å utsette dette temaet til seinare. Det er valt å prioritere arbeidet med å sjå på nye områder for næring og levande grender, mellom anna nye bustader. Det vil bli satt i gang arbeid med revidering av arealdelen med tema fritidsbustader når denne planen er vedteken.

Det er eit mål for kommunen å snu fråflyttingstrenden og auke talet på innbyggjarar. Eit tiltak for å nå målet er å leggje tilhøva til rette for at utflytta folk ønskjer å flytte attende til Ål. Dette vil ein gjere ved å sette av område for spreidd busetnad som kan tiltrekke seg folk med lokal tilhøyrslø.

Delar av kommunedelplan for Primhovda er innarbeidd i planforslaget (botnområdet v/ Ål skisenter), medan den resterande delen av kommunedelplanen skal inn i kommuneplanen ved revisjon av tema fritidsbustader. Kommunedelplan for Søndre blir ført vidare som eiga plan.

Vi har i brev av 29. oktober 2020 kome med innspel til oppstart av planarbeidet og deltatt i planforum i regi av fylkeskommunen i møte 25. november 2021 kor diverse tema knytt til planarbeidet blei diskutert.

Statsforvaltaren si rolle

Vi skal bidra til at planer tek vare på nasjonale og vesentlege regionale interesser innan landbruk, klima og miljøvern, folkehelse, barn og unges interesser, samfunnstryggleik og gravplassar. Statsforvaltaren skal arbeide for at Stortingets og regjeringas vedtak, mål og retningslinjer innan våre ansvarsområde blir fylgt opp i kommunale planar. Kommunen er planmyndigheit og har ansvaret for at formelle krav til innhald og planprosess oppfyllest i planarbeidet, jf. plan- og bygningsloven.

Vurdering

Etter ei gjennomgang av saka, meiner vi kommunen har gjennomført eit grundig arbeid med å greie ut forslag til ny arealdel med omsyn til konsekvensutgreiing av alle innspela og utarbeiding av planføresegn.

Når det gjeld temaet fritidsbustader, vil vi vente til kommunen setter i gang arbeidet med revideringa med dette som eiga tema. Det er tatt med både noverande og framtidige byggeområde for fritidsbustader i plankartet. I likskap med kommunen, utsett vi derfor denne problemstillinga til temaet er konsekvensutgreia og det er tatt ei samla vurdering av konsekvensane for utbyggingsplanane. Vi meiner dette er heilt sentralt, mellom anna for å vurdere konsekvensane for villreinen i Nordfjella.

Vår høyringsuttale vil derfor i stor grad handle om verknadene knytt til forslag om nye områder til næring og bustader. Vi har likevel motsegn og nokre merknader til føresegn som legger rammer for vidare hytteutbygging, sjå lenger ned i brevet om dette temaet.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Det er Torpo og Ål/Søndre sentrum som er tettstadene i kommunen og kor det er naturleg at mykje av bustadveksten styres mot. I følgje regional plan for areal og transport i Buskerud er det Søndre sentrum som er peikt på som prioritert vekstområde for handel og bustadbygging.

Med bakgrunn i at kommunedelplan for Søndre er vidareført som eiga kommunedelplan, er det derfor ikkje mange nye bustadområde som er foreslått i denne rulleringa. Det er foreslått noko areal ved Torpo og noko mindre areal utanfor tettstadene. Elles er det foreslått bustadbygging gjennom spreidd utbygging i grendene. Det er lagt opp til 37 nye bustadtomter fordelt på 10 områder i



planperioden fram til 2035, jf. tabell 3 i føresegna. Tomtebehovet i planperioden er anslått til 15-20 bustader, men det er lagt inn noko meir for å kunne dekke potensiell etterspurnad i dei einskilde grendene. Ut frå nasjonale og regionale føringar knytt til samordna bustad- areal- og transportplanlegging, har vi ingen sterke motførestillingar til dette.

Vi vil likevel peike på det planlagde bustadområde ved Torpo, ved den gamle landbruksskulen, område KBA50 og B53. Begge desse felta er bilbaserte og ligg over 3 km frå Torpo sentrum, terrenget stig også bratt opp langs Sirevegen. Vi meiner derfor det er viktig at det ikkje leggst opp til mange bustader i dette området. Vi forstår likevel at det er eit ynskje om å kunne bruke dagens bygningsmasse i området. Tal på kor mange einingar det bør leggst opp til bør vere ei sentral problemstilling når området skal regulerast.

Når det gjeld området lenger ned langs Sirevegen, ved område B52, så ligg dette området tettare på Torpo sentrum, innafor gå- og sykkelavstand. Det meiner vi er bra. Likevel er dette området kartlagt som eit svært viktig friluftsområde, og bekken Sireåne renn gjennom området. Både omsynet til bekken og friluftsiinteressene blir derfor sentrale problemstillingar når dette området skal regulerast, og det blir viktig at desse interessa blir tilstrekkeleg varetatt.

Landbruk og jordvern

Område avsett til ulike utbyggingsføremål i planframlegget omfattar 71 dekar dyrka jord fordelt på 11,5 dekar fulldyrka jord og 59,5 dekar innmarksbeite, samt 9,7 dekar dyrkbar jord. Ut frå framlegget til føresegner framstår det som uklart kor mykje av desse areala som faktisk vil bli nedbygd.

Vi syner til dei nasjonale måla om å redusere nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord, og kommunane sitt ansvar for å bidra til at den årlege nedbygginga vert under 3 000 dekar innan 2025.

Med bakgrunn i jordverninteressar fremjar vi motsegn til følgjande område i planframlegget:

B30 - bustadområde

Området er om lag 2 dekar. Heile området er klassifisert som dyrka jord.

LSB40 – område for spreidde bustader

Området er om lag 27 dekar. Av dette er ca. 15 dekar innmarksbeite som er del av eit større samanhengande område med innmarksbeite og fulldyrka jord.

LSB 41 – område for spreidde bustader

Området er om lag 62 dekar. Av dette er 10 dekar innmarksbeite og 5 dekar dyrkbar jord.

LSN 20 – område for spreidd næring

Området omfattar om lag 4,4 dekar innmarksbeite. Vi meiner området må arronderast slik at omfanget av omdisponering vert redusert.

LSB 20 – område for spreidde bustader

I følgje KU er området om lag 15 dekar og av dette er 8,6 dekar klassifisert som dyrka jord (innmarksbeite). Kartet syner at det også er noko fulldyrka jord i området.

Ål skisenter

I planforslaget er store delar av Ål skisenter utlagt til *bebyggelse og anlegg*, med underføremål *idrettsanlegg*, der det etter føresegnene § 2.2.7 kan oppførast bygg og anlegg som er i samsvar med bruken av området som idrettsanlegg.



I gjeldande kommuneplan for Ål (vedtatt i 2010) er skisenterområdet ikkje innlemma i plankartet. Den overordna planen for området er kommunedelplan for Primhovda, vedtatt i 2006. I denne planen er området avsett til kombinert idrettsanlegg/skiheis/friområde.

Ifølgje konsekvensutgreiinga er delar av kommunedelplan for Primhovda innarbeidd i forslaget til arealdel. Dette gjeld botnområdet ved skisenteret. Resterande del av kommunedelplanen skal innarbeidast i kommuneplanen ved revisjon av tema fritidsbustader. Det er også opplyst at reguleringsplanane for Svarteberg skiheiser A2, for Slåttaheisen og for Ål skisenter/flytting av veg, skal gjelde framfor kommuneplanen.

Etter pkt. 4 i føresegnene til kommunedelplan for Primhovda skal det ved regulering takast særleg omsyn til framtidig behov for alpinbakker/nedfartsløyper.

I reguleringsplan for Slåttaheisen (vedtatt 17.06.2004) som gjeld ein del av alpinbakken sin nedre del, er reguleringsføremålet alpin/landbruk. Etter § 5 i reguleringsføresegnene skal planområdet nyttast til alpinføremål om vinteren og landbruk om sommaren.

Det kjem fram i kommunen sitt planregister at det er starta eit arbeid med detaljregulering av delar av skisenteret (plan-id 2020003). Føremålet med planlegginga er å erstatte fire reguleringsplanar for nedre del av skisenteret. Av utkastet til reguleringsføresegner kan det sjå ut som føremålet med reguleringa vil vere å opne for heilårs turisme i alpinanlegget med tilhøyrande anlegg.

I skisenterområdet er det dyrka jord (både fulldyrka og innmarksbeite) som er i bruk til slått og beite. Vår vurdering er at konsekvensane av planforslaget for desse jordbruksområda ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. **Vi fremjar derfor motsegn til manglande konsekvensutgreiing på dette punktet.**

Merknad til føresegn § 1.6

I føresegn § 1.6, som gjeld byggjeforbod langs vassdrag, står det mellom anna at «i eit 10-metersbelte langs vasskanten skal det vere vegetasjon, jf. lov om vassdrag og grunnvatn». Dersom det er etablert dyrka mark nærare vasskanten enn 10 meter, legg vi til grunn at arealet framleis kan nyttast til vanleg jordbruksproduksjon som kan innebere at det vert gjennomført jordarbeiding, til dømes i samband med fornying av eng og dyrking av radkulturar.

Myr og våtmark

Myr og våtmark er viktige leveområde for ei rekke artar og utgjer landskapsrom som er viktige å ivareta, både for menneske og dyr. I tillegg er areal med myr særskilt viktige i klimasamanheng, då dei bind store mengder karbon. Areal med myr er særleg utsette i utbyggingssamanheng og kunnskapen om naturmangfaldet og utslepp av klimagassar frå myr er ofte mangelfull i mange arealplansaker. Vi viser til stortingsmeldinga om naturmangfald frå 2015, klimameldinga frå 2021 og Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, kor omsynet til myr er vektlagt og viktigheita av at myr blir varetatt er framheva.

Vi vil også vise til naturavtala som Noreg nyleg har underskreve kor viktigheita av å ta vare på natur står sentralt og kor Noreg har forplikta seg til å ta vare på natur og restaurere øydelagt natur. Myr er både viktig for natur og klima, vi meiner derfor at det uheldig at Ål kommune har foreslått 3 nye områder for råstoffutvinning – torvuttak. Det går ikkje fram av konsekvensutgreiinga kor store klimagassutsleppa vil bli som følgje av dei 3 nye områda, men ut frå storleiken på disse vil truleg dette vere betydeleg. Vi meiner dette ikkje er i tråd med nasjonal politikk og fremmer derfor



motsegn til områda RU50, RU51 og RU53. Vi ser at område **RU40** også ligg inne som eit nytt område for råstoffutvinning og at dette også gjeld torvuttak. Sedan dette området ikkje er tatt i bruk, fremmar vi også motsegn til dette området. Deler av området, ca. 14 daa, består også av eit innmarksbeite i tillegg til myr. Vi har derfor også motsegn til dette området ut frå nasjonale jordverninteresser.

Sjølv om vi fremmar motsegn mot desse område, har vi forståing for at dette er ei verksemd som er viktig i Ål kommune og at det derfor ikkje er ei heilt enkelt problemstilling. Torvuttak til mellom anna hytter er ein stor marknad som bygger opp under norske byggetradisjonar. I lys av den globale natur- og klimakrisa meiner vi likevel det blir feil å legge opp til nye torvuttak.

Føresegn

Vi har tatt ei gjennomgang av føresegna, men har dessverre ikkje fått moglegheit til å ta ei grundig juridisk gjennomgang. Vi vil prioritere dette når del 2 av arealdelen skal rullerast. Vi har likevel nokre merknader til forslaget.

Plankrav

Fyst vil vi vise til at det til dels er motstrid mellom plankravet i § 1.2 og unntak frå plankravet i § 1.3. Dette kan verke litt forvirrande. Til dømes er det plankrav for mange små tiltak, til dømes eit tilbygg på bustad innafor eit avklart byggjeområde, samstundes som at det er unntak for nybygg innafor fleire formål. Her meiner vi derfor det må ryddast litt. Vi meiner også det er svært uheldig at det kan byggast opptil fleire bustadhus eller fritidsbustader utan krav til detaljregulering. Det er ikkje satt noko grense for tal på bustadhus og fritidsbustader før det er krav til utarbeiding av reguleringsplan. Skal det til dømes byggast meir enn 2-3 bustadhus, meiner vi det bør vere krav til detaljregulering. For nye bustadfelt bør det vere plankrav frå 1. bygg. Vi viser til plan- og bygningslova § 12-1 og krav til utredning og medverking i kapittel 4 og 5. **Vi fremmer derfor motsegn til manglande plankrav for bygging av bustadhus og fritidsbustader. Vi ber om at det blir definert eit innslagspunkt for når det blir krav til utarbeiding av reguleringsplan.**

Vi meiner det bør vere krav til reguleringsplan for alle større bygge- og anleggstiltak. Til dømes større tiltak for å leggja til rette for friluftsliv. Mindre stiar, gapahuk og liknande er kurante saker som det ikkje er nødvendig å utarbeide reguleringsplan for. Gangvegar og større tiltak i form av lengde eller areal, bør sikrast gjennom utarbeiding av reguleringsplan. Til dømes er det viktig at området blir avklart gjennom utarbeiding av plan jo fleire interesser som gjer seg gjeldande innafor eit område.

Motstrid med LNF

Vidare vil vi vise til at det ikkje kan opnast for utviding av bustadhus og fritidsbustader innafor ordinært LNF-formål. Vi ber derfor om at punkta b og c tas ut av § 2.4.2. Dette må i så fall endrast til retningslinjer. Innafor ordinært LNF-føremål vil det være motstrid med til dømes bustadføremål og fritidsbustader.

Generelle føringar

Nokre av føresegna er basert på skjønn og vil derfor vere vanskelege å styre etter. Til dømes skal det *tas vare på viktig natur*, noko vi tenkjer er positivt, men det må definerast kva viktig natur er. I § 2.4.1 bokstav c er det gjort eit forsøk på dette. Det meiner vi er bra. Men fleire plassar i føresegna er det vist til omsyn som er av generell karakter. Dette bør derfor nyanserast betre for å sikre føresegner som er lette å styre etter og som ikkje blir basert på skjønn. Slike føresegn blir meir å betrakte som retningslinjer.



Handel og næring

Når det gjeld alle næringsareala i kommuneplanen, går det fram av føresegna § 2.2.3 at det mellom anna kan etablerast arealkrevjande næringar. Vi vil vise til at arealkrevjande handel/volumvarar i følgje regional plan for areal og transport i Buskerud, berre kan skje innafor sentrumsområda. Det er plasskrevjande handel som kan etablerast utanfor sentrumsområda. Sedan arealføremålet næring berre omfattar kontor, hotell, overnatting, bevertning, industri-, handverks- og lagerverksemd, bensinstasjon, vegserviceanlegg og anna næringsverksemd som ikkje er angitt som eiga formål, har vi likevel ikkje motsegn til dette. Men vi meiner det er viktig at kommunen er kjent med dette, slik at det ikkje blir noko misforståingar. Forretningar, til dømes daglegvarebutikk eller møbelbutikk, vil ikkje vere i tråd med arealføremålet næring.

Vi vil også vise til ABC-prinsippet som er tatt inn i den regionale planen, om å styre rett verksemd til rett plass ut frå kor transport- og arbeidsplassintensiv verksemda er. Kontor med mange tilsette bør til dømes leggest til Sundre for å redusere transportbehovet og for å leggje til rette for aktivitet i sentrumsområde. Vi anbefalar derfor at ABC-prinsippa blir tatt inn i føresegna som retningsliner for plassering av kontorplassar innafor arealføremålet næring, jf. føringane i regional plan for areal og transport i Buskerud frå 2018.

Utvalt kulturlandskap ved Leveld

Vi meiner det er bra at det utvalde kulturlandskapet ved Leveld har fått ei eiga omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn som skal vektlegge omsynet til dette landskapet. Det er knytt retningsliner til denne omsynssona, jf. § 3.3.1. Desse føringane er ikkje juridisk bindande. I retningslinene er det brukt mykje *bør* i setningane. For å gje eit tydelegare signal om å ta omsyn til det viktige kulturlandskapet, ber vi om at *bør* blir bytta ut med *skal*.

Gamle disposisjonsplanar

Vi ser at frådelt ubygde tomter frå gamle disposisjonsplanar er vidareført frå gjeldande plan. Dette gjeld nesten 100 tomter (per januar 2008) kor det kan oppførast fritidsbustader i planperioden. Desse tomtene ligg spreidd rundt i heile kommunen innafor 24 områder. Vi har ikkje moglegheit til å sjekke alle desse tomtene, men sedan områda er avsett som eksisterande byggeområde, har vi ikkje motsegn til dette. Vi går ut frå at dei fleste av desse tomtane er kurante, som ligg innafor område som er bygd og som ikkje kommer i konflikt med våre interesser. Likevel er det ikkje dokumentert for dette gjennom ei konsekvensutgreiing. Sedan førre kommuneplan ble vedteken i 2010, så er omsynet til mellom anna villreinen i Nordfjella og ivaretaking av myr/våtmark blitt meir aktualisert. Vi ber derfor Ål kommune om å greie ut for desse tomtane i samband med revideringa av arealdelen som skal omfatte fritidsbustader.

LNF for spreidde fritidsbustader

Det er opna opp for bygging av nye fritidsbustader og utviding av desse i område som er avsett til eksisterande LNF-område for spreidde fritidsbustader – LSF B-område. I føresegna § 2.4.5.2 er det opna for bygging av **25 nye hytter** på frådelt tomter. Sedan desse tomtane ikkje er konsekvensutgreia, kan vi ikkje vurdere desse ut frå våre interesser. Vi må derfor fremme **motsegn** til denne føresegna, vi viser til krav om utgreining av konsekvensar for alle nye områder og føresegn som resulterer i ny utbygging frå gjeldande plan. Kommunen må enten ta bort denne moglegheita, eller greie ut konsekvensane for dei aktuelle tomtane. Med utgangspunkt i at dette gjeld nye hytter, vil vi anbefale at dette blir vurdert som ein del av revideringa knytt til nye fritidsbustader.

Vidare har vi **motsegn til føresegn 2.4.5.5 som opnar for utviding av fritidsbustader i LSF A-område**. Dette er areal som ligg på snaufjellet og andre visuelt sårbare område. Her er det opna opp for utbygging med ei utnytting på til saman 186 m² BYA. Verknaden av ei slik føresegn må også



greiast ut før vi kan ta stilling til dette ut frå våre interesser. Vi vil likevel ikkje anbefale ei slik opning med utgangspunkt i at dette gjeld spesielt sårbare område høgt til fjells, mellom anna areal som ligg innafor villreinens leveområde. Vi vil tru at dette likevel gjeld eit avgrensa tal på hytter og at søknad om utviding av hytter kan behandlast som dispensasjon frå kommuneplanen. Vi vil vise til at kommuneplanen skal vere grovmaska og at det ikkje bør regulerst i detalj i ei overordna plan.

Naturmangfald

Vi meiner det er positivt at kommunen er klar over problemstillinga knytt til manglande kartlegging av naturmangfald i kommunen og dei utfordringane dette skapar når det til dømes skal vurderast å byggje fritidsbustader eller bustader i eit område. Vi meiner difor det er viktig at kommunen sett krav til kartlegging av naturmangfald som ein del av kunnskapsinnhentinga når det blir utarbeida reguleringsplanar for områder som omfattar areal kor det kan være viktig natur. Vi viser til naturmangfaldlova og forvaltningsprinsippa i 8-12.

Når det gjeld vilkåra som er foreslått i § 2.4.1, meiner vi det er positivt at viktig og truga natur skal sikrast frå utbygging. Når viktig natur skal definerast, ber vi om at også *truga naturtypar* blir tatt med i likskap med truga artar, jf. fyste setning i bokstavpunkt c.

Viktige viltkorridorar bør ikkje omdisponerast til byggjeområde og bør derfor avsetjast som LNF-område med omsynssone som viser at dette er viktige viltovergangar. Om arealet likevel blir lagt ut som byggjeområde, legg vi til grunn at areala blir regulert som ein del av grøntstrukturen i påfølgjande reguleringsplan. Det er vist til ein viltovergang ved næringsområdet ved Kleivi og ved det planlagde reinseanlegget og næringsområdet øst for Torpo, lang rv. 7. Vi legg til grunn at lokal og regional viltmyndigheit blir høyrst i saka og at viltkorridorane blir følgt opp i vidare planlegging.

Omsynssone knytt til villrein meiner vi er utfyllande og tar opp mange av føringane som er lagt i regional plan for Nordfjella. Det er lagt inn omsynssone for det nasjonale villreinområdet og randområdet med eiga retningslinjer knytt til omsynssona. Det står mellom anna at villreinnemnda og villreinutvalet skal høyrast i saker som kan få betydning for villreinens levkår, mellom anna arealplanar, stig- og løypeplanar, dispensasjonar m.m. Vi meiner det er bra. Vi vil likevel vise til at fylkeskommunen og Statsforvaltaren også er naturlege høyringspartar i tillegg til andre aktuelle statlege etatar om deira interesseområde blir råka. Vi viser mellom anna til [dispensasjonsrettleiaren](#) kor det går fram kva for saker som skal sendast på høyring.

Vassmiljø

Dei fleste vassførekomstane i Ål kommune tilfredsstiller i dag miljømåla etter vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan. Innafor kommunen sine ansvarsområde er det likevel enkelte utfordringar knytt til avløp og landbruk, og arealforvaltninga er viktig for å hindre at miljøtilstanden i vassførekomstane blir forringa. Regional plan for vassforvaltning har retningslinjer for arealplanlegging der det står i punkt 1.1. mellom anna at den regionale planen bør innarbeidast og detaljerast i kommuneplan og underliggende planer, basert på kunnskap om lokale forhold. Kommunen må derfor i tilstrekkeleg grad utgreie og vareta omsynet til vassmiljø i arbeidet med arealplanen, og koplinga mellom arealforvaltning og miljøtilstanden i vassdraga skal vere synleggjort.

Det er derfor viktig at vassmiljø har vore tema for utgreiing av konsekvensar for dei ulike innspela. Der det er relevant, har kommunen gjort greie for miljøtilstand for vassførekomstar, moglege påverknader, miljømål og om vurdering etter vassforskrifta § 12 er relevant. Vi meiner at det er gjort



gode vurderingar av vassmiljø og vil gi kommunen ros for at dette har vore eit sentralt og viktig tema i utgreiinga av dei ulike innspela. Kommunen har også vurdert dei samla konsekvensane for vassmiljø. Konklusjonen er at den samla belastninga totalt sett ikkje vil vere vesentleg på vassførekomstane. Relevante avbøtande tiltak er oppretting av kantsoner og avkloakking av eksisterande område som ligg tett på nye innspelsområder.

Forslaget til føresegner knytt til inngrep og aktivitet i sikringssoner for vassverk vil også bidra til å ivareta mål etter vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan.

Vi vil likevel gjenta vår anbefaling ved varsel om oppstart om at kommunen gjennom arealdelen fastsett overordna føringar om at det i vidare plan- og byggesaksarbeid skal gjerast greie for korleis nye tiltak og inngrep kan påverke miljøtilstanden til ein vassførekomst, og at dette må vegast opp mot miljømålet til førekomsten. Dette vil bidra til søkelys på å oppnå miljømåla etter vassforskrifta og vassressurslova også i kommunen sin vidare saksbehandling.

Naturmangfald knytt til vatn

Det er viktig at naturverdiar og biologisk mangfald har vore tema i konsekvensutgreiinga for dei ulike innspela. Det er også gjort vurderingar av samla konsekvensar for temaet. Her er det konkludert, med unntak av forslaga om råstoffutvinning (myrjorduttak), at planforslaget ikkje vil føre til vesentlege konsekvensar for naturmangfald basert på eksisterande kunnskap.

Uttak av torv er vurdert med store negative konsekvensar for naturmangfald og klima. I den samanheng vil vi også vise til regional vassforvaltningsplan der det i retningsline 5.4. står at planlegginga skal ta omsyn til også andre område av betydning for vassmiljø, som mellom anna myr og våtmark. To av områda (RU50 og RU51) omfattar naturlege dammar i myra som etter uttak skal bli erstatta av nytt og større vass-spegl. Vi viser til våre motsegn til desse areala, men vi vil likevel minne om at inngrep i dammar vil krevje vurderingar av fylkeskommunen etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag dersom ikkje NVE konsesjonsbehandlar. Ved fjerning av eventuell kantvegetasjon skal Statsforvaltaren vurdere om det er behov for dispensasjon etter vassressurslova § 11. Vidare er vi forureiningsmynde for inngrep i vassdrag, og tiltakshavar må avklare om arbeida vil krevje løyve etter forureiningslova.

Vassdragsnære areal og kantvegetasjon

Lokalisering og utforming av ny verksemd må ta spesielt omsyn til areal langs vassdrag slik at vassmiljø, naturmangfald og rekreasjonsverdiar ikkje blir negativt påverka. I arealdelen skal vassdragsnære areal i størst mogleg grad inngå som ein del av ei samanhengande grøntsoner. Dette bidrar til å sikre viktige natur- og friluftsinnteresser knytt til vassdrag på overordna plannivå. I regionale planretningsliner står det at grøntdrag og restareal langs vassdrag som hovudregel skal vere ivaretatt av omsyn til verdifulle kvalitetar knytt til vassmiljø, biologisk mangfald og landskapsøkologiske korridorar og landskapselement.

Vi meiner at arealdelen i hovudsak har gode føresegner om byggegrenser langs vassdrag som skal sikre ei differensiert forvaltning med utgangspunkt i vassdragsverdiar, brukarinteresser og arealbruk. **Vi finn likevel grunn til å fremje motsegn til at byggjeforbodet er avgrensa til berre 30 meter innafor byggeområda i føresegna § 1.6.** Vi meiner dette ikkje kan akseptast som ei generell byggegrense som skal gjelde for alle desse områda i kommunen. Ei 30 meter byggegrense



kan vere tilstrekkeleg i mange sakar, men langs større vassdrag kor dei ålmenne interessa er sterke, meiner vi at dette vil bli for lite i nokre tilfelle. Vi anbefaler at grensa aukast til 50 meter som eit minimum og at ei eventuell anna grense blir avklart ved utarbeiding av reguleringsplan.

Det er positivt at nedslagsfelt for vassdrag verna mot kraftutbygging (Vola og Mørkedøla) er vist med omsynssoner for nedslagsfelt verna vassdrag med retningslinjer. Dette vil bidra til økt fokus på vassdragsomsyn i kommunen si vidare plan- og byggesaksbehandling.

I føresegna står det også at det i eit 10-metersbelte langs vasskanten skal vere vegetasjon, jf. lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova). Vi viser til at det er viktig at vassdraga er beskytta av gode, fleirsjiktige vegetasjonsbelte. Fråvær av kantvegetasjon fører til økt avrenning av næringssalt, økt fare for elveerosjon og reduksjon i naturmangfald i og langs vassdraga. Vassressurslova § 11 fastsett at det langs vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr.

Det er derfor positivt at kommunen gjennom planforslaget gjer verdien av kantvegetasjon synleg og ønsker å gi denne ekstra vern gjennom arealdelen. Dette er også i tråd med regionale planretningslinjer for arealplanlegging.

Der breidda på vegetasjonsbeltet mellom eksisterande fulldyrka mark og vassdrag er smalare enn 10 meter, betyr dette likevel ikkje at kantvegetasjonen må utvidast på dyrka mark (jf. våre tidlegare merknader). Slik føresegna er formulert, kan det kanskje også sjå ut som om breidda på vegetasjonsbeltet følgjer av vassressurslova. Vi gjer derfor kommunen merksam på at vassressurslova § 11 ikkje fastsett ei konkret breidde på vegetasjonssona. Vassressurslova § 11 gjelder uavhengig av kommuneplanens føresegn. Ved alle inngrep og skjøtsel som kan redusere den økologiske funksjonen til kantsona, skal Statsforvaltaren vurdere om det er behov for ein dispensasjon frå § 11 i vassressurslova.

Overvatn og snø

Klimaendringar og arealendringar med harde flater fører til utfordringar for vassmiljøet, mellom anna økte mengder overvatn og framandvatn til avløpsanlegg, meir erosjon, flaum, skred og behov for forebyggjande og avbøtande tiltak. Vi meiner at kommunen har gode planføresegner til arealdelen basert på prinsippa om lokale, opne og naturbaserte løysingar for overvatn i tråd med tretrinnsstrategien. I tillegg til å sikre mot uheldige skader som følgje av meir ekstremt ver, vil dette for mange av byggeområda i kommunen vere viktige avbøtande tiltak for å vareta vassmiljø.

Vidare ser vi svært positivt på at det er innarbeida føresegner om at opne strekningar av elver, bekkar, vatn og dammar skal oppretthaldast, at nye bekkelukkingar ikkje er tillate og at gjenopning skal vurderast ved alle planar og tiltak som rører ved lukka bekkar. Vi viser til at dette også er i tråd med regionale planretningslinjer for arealplanlegging i regional plan for vassforvaltning punkt 1.2 og 1.3.

Overskottssnø kan ha negativ påverknad på vassdrag dersom det blir deponert i sårbare område, og vi er opptatt av at det blir etablert gode løysingar som sørger for at utslepp skjer under kontrollerte forhold. Vi legger derfor til grunn at kommunen har vurdert eventuelle behov for utgreiingar og arealmessige avklaringar av areal for deponering av snø.



Anleggsarbeid

Anleggsarbeid kan medføre stor skade på miljøet ved at mellom anna store mengder partiklar/slam og ei rekke andre forureiningskomponentar finner vegen til vassdrag. For mange av innspela til ny arealbruk slår konsekvensutgreiinga fast at det er fare for negativ påverknad på vassmiljø i anleggsfasen og behov for avbøtande tiltak i reguleringsplan eller byggesak. Vi minner om at midlertidig anleggsarbeid vil kunne krevje løyve etter forureiningslova § 11 dersom tiltaket varer utover kva som er å anse som midlertidig og/eller fører til forureining som ikkje er akseptabel.

Avløp

Vi registrerer at det blir planlagt for utbygging fleire stader i kommunen. Vi kan likevel ikkje sjå at det er gjort ei vurdering av kva for ein *tettbebyggelse* dei ulike områda i planforslaget høyrer til. Det er avgjerande at kommunen har oversikt over den geografiske utstrekkinga og utsleppsstorleiken til *tettbebyggelsene* sine, då dette har betydning for kven som er rett forureiningsmynde for avløpsanlegg med utslepp >50 pe BOF₅ innanfor *tettbebyggelsene*. Vi viser til rettleiaren for *tettbebyggelser* på nettsidene våre for meir informasjon: <https://www.statsforvalteren.no/nb/oslo-og-viken/miljo-og-klima/avlop/tettbebyggelse/>.

Dersom Statsforvaltaren er forureiningsmynde for ein *tettbebyggelse*, må avløpsanlegga overhalde krav i forureiningsforskrifta kapittel 14. Dette inneber mellom anna at avløpsanlegga vil få krav om akkreditert prøvetaking i samsvar med forureiningsforskrifta § 14-11. Vidare har Miljødirektoratet uttalt i brev av 19.01.2023 at bruk av infiltrasjon som reinseløysing i større *tettbebyggelser* ikkje vil vere godkjent reinseløysing. Det er viktig at kommunen tek omsyn til dette i planlegginga si. Brevet frå Miljødirektoratet kan lesast på nettsidene våre: <https://www.statsforvalteren.no/nb/oslo-og-viken/miljo-og-klima/avlop/infiltrasjonsbasseng-som-renselosning-for-avlopsvann-fases-ut/>

Vi minner også om at det i forslag til nytt avløpsdirektiv blir foreslått å utvida verkeområdet til kapittel 14 frå 2000 pe til 1000 pe. Det er viktig at kommunen tek dette i betraktning, då det kan bety at fleire *tettbebyggelser* som tidlegare har vore regulert etter kapittel 13 vil gå over til å bli regulert etter kapittel 14. Dette kan ha store konsekvensar for anleggseigarane i dei aktuelle områda.

Ål kommune har utarbeidd ei konsekvensutgreiing for kvart av planområda, som inkluderer utslepp frå avløp. Det er gjort greie for planlagde avløpsløyser, og risikoen og konsekvensane for resipientane er skildra. Vi synest det er positivt at kommunen har lagt vekt på avløp i planforslaget, då det er avgjerande at kommunen har oversikt og kontroll på avløp i arealplanlegginga si. I samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova § 27-2, skal bortleiving av avløpsvatn vera sikra og i samsvar med forureiningslova før oppretting eller endring av eigedom til busetnad eller oppføring av bygning blir godkjend. Kommunen må forsikre seg om at det er god nok kapasitet på avløpsinfrastrukturen til å kunne handtera den auka belastninga frå den nye busetnaden og at avløpsanlegg blir drifta i tråd med krava i utsleppsløyve og forureiningsregelverket elles.

Kommunen skriv at den kommunale avløpsinfrastrukturen har god kapasitet. Ifølgje tilbakemeldinga på eigenkontrollrapporten for 2022, har Sundre avløpsreinseanlegg ledig restkapasitet, og anlegget klarer også reinsekrava sine. Kommunen har også avsett areal til evt. framtidig avløpsreinseanlegg på Torpo. I Kleivi Næringspark er det etablert VA i det eksisterande næringsområdet. Ål kommune står som eigar av avløpsnett, medan Næringsparken eig vassleidningane. Ål kommune skal i løpet



av 2023 også ta over vassleidningsnett. For innspelsområda i Kleivi som er tilknytt dette avløpsnettet, vil påkopling vere eit krav.

Vi minner om at dersom det nye anlegget på Torpo ligg innanfor ein *tettbebyggelse* regulert etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta, vil det vere Statsforvaltaren som er forureiningsmynde for utsleppet frå avløpsanlegget. I eit slikt tilfelle vil anlegget måtte overhalda krav i kapittel 14, blant dei krav til sekundærreinsing og krav til prøvetaking i § 14-11.

Kommunen har innarbeidd rekkjefølgjeføresegn for vatn og avløp i planforslaget. I § 1.7 står det at det innanfor område sett av til bygningar og anlegg med underformål ikkje kan byggjast før vatn, avløp, sløkkjevatt og energiforsyning, og dessutan vegnett er etablert fram til byggjetomt. Vi synest det er bra at kommunen har lagt vekt på at det ikkje kan etablerast ny busetnad før avløpsinfrastruktur er etablert. Vi saknar likevel ei presisering som seier at tilknytning ikkje kan skje før det er dokumentert at avløpsanlegga har tilstrekkeleg kapasitet og driv i tråd med gjelda krav i løyve og forureiningsregelverket elles.

Vi registrerer at kommunen har innarbeidd tilknytingsplikt både for bustader og fritidsbustader i planforslaget, og at det planleggast for å knytte dei fleste av områda til kommunalt nett. Dette synast vi er positivt, då ei høg tilknytingsgrad til kommunalt nett sikrar helsemessig trygge høve for vatn og avløp, bidrar til å unngå forureining, sikrar best mogleg ressursutnytting og sikrar omsynet til at avløpssystemet blir utbygd og drive teknisk og driftsøkonomisk rasjonelt. Vi registrerer likevel at det for nokre område ikkje planleggast for tilknytning. I slike område bør kommunen sjå på moglegheitene for å føre avløpet frå den spreidde busetnaden til eit større felles avløpsanlegg, framfor å etablere mange mindre enkeltløysingar. Vi erfarer at større anlegg er meir robuste og reinsar betre, samtidig som det gjer det enklare for kommunen å følgja opp anlegga i ettertid.

Vi tilrår også at kommunen eig og driftar avløpsanlegga, då vi erfarer at dette gir betre drift og mindre forureining enn ved privat drift. Vi minner difor også om føresegnene i vass- og avløpsanlegglova § 1, som seier at nye avløpsanlegg >50 pe skal eigast og driftast av kommunen. Kommunen kan også gi løyve til at nye anlegg skal eigast av eit andelslag, dersom vilkåra i § 2 første ledd er oppfylte.

Vi ønskjer å presisere at det er viktig å ha ein god VA-plan i arealplanlegginga. Ein VA-plan er styringsdokumentet og verktøyet til kommunen for handtering av avløp, både på både kort og lang sikt. Planen skal forankrast i behovet til kommunen for tiltak og investeringar, den skal sjå ulike mål og prioriteringar i samanheng og bidra til at miljømåla i vassforskrifta blir oppnådde. Ved planlegging av avløp er miljømåla i vassforskrifta ein viktig premiss. Kommunen er forplikta til å gjere vurderingar etter vassforskrifta i behandlinga av søknader om utsleppsløyve for avløp. Utslepp frå avløp skal ikkje forårsake forringing av vassførekomstar eller gjere det vanskelegare å oppnå dei fastsette miljømåla. Kommunen må ta omsyn til dette når dei avgjer om dei skal gi utsleppsløyve og ved fastsetjing av krav i eit eventuelt løyve. Det er tåleevna/kapasiteten til resipienten som er avgjerande for kva slags krav som må setjast. Vidare må kommunen sjå på korleis totalutsleppet frå den planlagde busetnaden vil påverke resipienten, og ikkje berre utsleppet frå kvart enkelt avløpsanlegg. Vi viser her til naturmangfaldlova § 10 om samla belastning på økosystemet.



Vi registrerer at konsekvensutgreiinga viser at det for enkelte område er ein stor risiko for at miljømåla ikkje blir nådd. Dersom kommunen ønskjer å byggje i desse områda, må kommunen gjennomføre avbøtande tiltak for å sikre at utslepp frå avløp ikkje vanskeleggjer oppnåinga av dei fastsette miljømåla for resipienten.

Kommentarar til konkrete innspel

Enkelte innspel om nye byggeområde omfattar bekker eller bekkedrag, til dømes *B52 – Sireåne* og *NÆ30 – Leveld*. Ut frå kartgrunnlaget gjelder dette også nokre av innspela om nye LNF-areal for spreidde bustader. Vi legg til grunn at planføresegna om byggeforbod langs vassdrag og forbod mot nye bekkelukkingar i tilstrekkeleg grad vil sikre ivaretaking av vassdraga i vidare plan- og byggesaksarbeid. For byggeområda ber vi likevel kommunen vurdere om det for enkelte innspel kan avsettast grøntkorridorar langs vassdrag på overordna plannivå.

For *NÆ31 – Samhald*, legg vi til grunn at den bratte skråninga med kantvegetasjon/buffer mot Votna blir ivaretatt.

Kleivi

Ved Kleivi er det foreslått fleire nye næringsområde i tillegg til eksisterande verksemd. Her er det viktig at konsekvensane blir vurdert samla. Vi anbefalar derfor at det blir stilt krav om utarbeiding av ein felles reguleringsplan for området. I vidare planlegging er det behov for ei grundig utgreiing av avbøtande tiltak. Terrenget ned mot vatnet er delvis bratt, og det må gjennomførast avbøtande tiltak både for anleggs- og driftsfasen.

Gode løysingar for handtering av overvatn og bevaring av kantvegetasjon langs Hallingdalselva og Strandafjorden er viktig. Vi viser til at eksisterande næringsformål i gjeldande arealdel grenser til elva over ei lang strekning. Vi anbefalar derfor at også kantvegetasjon på begge sider av elva i disse områda vises med eit grønt arealføremål på kommuneplannivå.

Dei nye næringsområda på Kleivi omfattar fleire bekker som er vist med omsynssone flaumfare. Vi anbefalar at dei også vises som grøntstruktur.

NÆ06

Innspel *NÆ06* er eit lite areal med ein dam som delvis skal fyllast igjen. I konsekvensutgreiinga står det at dammen er eit hol som vart grove opp under anleggsperioden på 60-talet og som no er fylt med vatn. Vidare står det at den kunstige dammen har relativt låg verdi, då den ligg inne i eit godt etablert industriområde, og utfyllinga utgjer ein mindre del av samla areal av dammen/våtmarksområdet. Ut frå kart ser det ut til at tungen ut mot elva er flaumpåverka og at det er mykje våtmark her. Det er også registrert viktig naturmangfald her, mellom anna fiskeørn (matsøk) som er ein truga art og vurdert som sårbar i Noregs raudliste for artar 2021. **Vi fremjar derfor motsegn til forslaget NÆ06 om å utvide næringsområdet ut i denne dammen.** Vi viser til plan- og bygningslova § 1-8 kor det er fastsett at det i 100-metersbeltet langs vassdrag skal tas særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging frå 2019 forventast det at kommunane vurderer arealbruken langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tar særlege omsyn til desse verdiane.

Vi vil og nytte høve til å rettleie litt om bruken av vassforskrifta § 12. Kommunen har vurdert inngrepet etter § 12 ut frå 1.ledd bokstav a, og skriv at vilkåret for unntak i 2.ledd bokstav b er



vurdert å vere oppfylt. Vi viser til at alle dei tre vilkåra i § 12 må vere oppfylt for at det skal kunne gis løyve som inneberer unntak frå miljømål, til dømes må avbøtande tiltak vere vurdert. Vi synes ikkje det kjem tydeleg fram at inngrepet faktisk vil føre til at miljømåla ikkje nås eller at tilstanden blir varig forringa. Unntak etter § 12 vil kanskje ikkje vere nødvendig. Vi viser til rettleiing frå Klima- og miljødepartementet om [bruk av vannforskriftens § 12 \(vannportalen.no\)](https://www.vannportalen.no)

Vi vil uansett presisere at det er ønskjeleg å ivareta dammar, også kunstige. Vi minner derfor om at inngrep i vatn utan anadrom fisk eller edelkreps også må vurderast av fylkeskommunen etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag dersom ikkje NVE konsesjonsbehandlar. Statsforvaltaren må vurdere om eventuelle inngrep i kantvegetasjon krev dispensasjon frå vassressurslova § 11. Vi er også forureiningsmynde for inngrep i sjø og vassdrag. Utfylling av masser frå land er direkte regulert av forureiningslova § 11 og kan krevje løyve. Tiltakshavar må derfor i god tid før anleggsstart avklare med Statsforvaltaren om arbeida vil krevje etter forureiningslova. Vi viser til vår nettside <https://www.statsforvalteren.no/nb/oslo-og-viken/miljo-og-klima/forurensning/mudring-dumping-og-utfylling-i-sjo-og-vassdrag/> der regelverket rundt tiltak i sjø og vassdrag er omtalt.

Samfunnstryggleik

Omsynet til samfunnstryggleik skal vera førande for arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Planstyresmakta skal etter krav i plan- og bygningslova § 4-3 sjå til at det ved utarbeiding av planar for utbygging blir utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), eller sjølv utarbeida ein. Formålet med ROS-analysen er å visa alle risiko- og sårbarheits forhold som har betydning for om arealet er eigna til utbygging og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagd utbygging. Kartlegginga av farar skal i kommuneplanens arealdel hovudsak vera på varsemnivå, dette svarer til ei grovare kartlegging. Dette gjeld òg andre farar blir identifiserte i ROS-analysen til kommuneplanens arealdel. Vi forventar at det ved risikoforhold blir identifisert behov for tiltak i planområdet. Dette kan gjennomførast gjennom plan- og bygningslova sine verktøy knytt til arealdisponering, omsynssoner og føresegner.

Vedrørande konsekvensutgreiing i kommuneplanens arealdel skal samfunnstryggleiken vurderast ved temaet "ulykke og beredskap", og dessutan "virkningar som følge av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred". Funn frå ROS-analysen kan nyttast i desse vurderingane, men sjølv ROS-analysen skal utarbeidast som ei sjølvstendig vurdering.

Vi meiner Ål kommune har gjort gode vurderingar av samfunnstryggleik på kvart enkelt arealinnspel i ROS-analysen. Dette er følgt opp vidare i vurderingane i konsekvensutgreiinga.

Farar og risikoar er vidare varetekne gjennom planleggingsverkemiddel eller gjennom beredskapsplanlegginga til kommunen. Det blir beskrive at ROS-analysen er i samsvar med DSBs rettleiing *samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (2017). Denne gir forslag til sannsynsfrekvensar, men ikkje grenseverdier for dei ulike konsekvenskategoriane. Me tilrår at både sannsyns- og konsekvenskategoriane som blir nytta blir beskrivne i metodekapittelet til ROS-analysen. Me saknar òg ei skildring av kva som blir lagd til grunn ved vurdering av risiko (sannsyn og konsekvens) ved kvart enkelt arealinnspel. Kva sannsyns- og konsekvensvurderingar som er gjorde, og kva det er vurderte konsekvens for. Er det til dømes låg risiko for liv og helse, materielle verdier og/eller stabilitet? Me tilrår at dette blir gjort tydeleg.



Helse

Statsforvaltaren ser det som positivt at Ål kommune viser til FNs berekraftsmål i sin arealdel. Vi anbefaler at kommunen i sitt vidare planarbeid jobbar med å knytte FNs berekraftsmål til kommuneplanens ulike satsingsområde.

Folkehelselova § 5 slår fast at kommunen skal ha oversikt over helsetilstanden og faktorar som påverkar denne i befolkninga. Folk si helse vert påverka av mange faktorar. Lova gjer det klart at folkehelsearbeid er tverrfagleg og tverrsektorielt. "[Forskrift om oversikt over folkehelsen](#)" viser krav til kva opplysningar og område som skal leggjast til grunn for vurderingar av årsakstilhøve og konsekvensar. Oversiktsarbeidet skal danne grunnlag for planarbeidet i kommunen. Tiltak retta mot gode lokalsamfunn, oppvekstvilkår, utdanning og arbeidsliv er derfor grunnleggande i alt førebyggjande og helsefremjande arbeid. Det gjeld mellom anna bukvalitet og universell utforming, barn og unge, lokal sosial berekraft og fysisk aktivitet.

Medverking

Videre viser utkastet frå kommunen til at det har vært ei medverking gjennom planprosessen. Det er også viktig at planlegginga skal bidra til å sikre demokrati og medverking slik at alle som blir råka skal kunne delta og få moglegheit til å uttale seg.

Barnekonvensjonen gir barn egne rettigheter, for eksempel rett til skole, helsehjelp, lek og fritid og at barn skal bli høyrte i saker som gjelder dem. Det skal leggje til rette for tidleg involvering i planprosessar med fokus på barn og unges stemme. For å motvirke diskriminering, skal arbeidet ha bredde og bidra til at marginaliserte grupper involverast. «Leve hele livet» vektlegg tilsvarende medverking for best mogleg kunnskapsgrunnlag for å få med seniorperspektiv i planlegginga. Det er viktig at kommunale brukarråd involverast i planlegginga.

Bustad

I planen viser kommunen til ulike strategiar og faglege rettleiarar som gir føringar for utarbeidde av kommunale planer. Vi ønsker i denne samanheng om minne om Regjeringas nasjonale strategi for sosial bustadpolitikk 2021-2024 med tittelen «Alle treng ein trygg heim».

Det inneber behov for å planleggje for bustadar for alle, òg dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden som til dømes eldre, funksjonshemma, vanskelegstilte barnefamiljar, bustadlause m.fl.

Gravplassar

Bruk grav- og urnelund som arealføremål

Vi tilrår at gravplassane konsekvent blir merkte som grav- og urnelund i arealplanen. Gravkapell er del av grav- og urnelund. Sjølve kyrkjebygga kan merkast som offentleg eller privat tenesteyting. Arealføremåla bør også nyttast ved nye reguleringsplanar eller endring av desse.

Føresegner om gravplassar

Gravplassar har ein spesiell funksjon som minnestad for dei døydde, stad for sorgomarbeiding for dei etterlatne, og stad for gjennomføring av gravferd. Gravplassar skal haldast i hevd og forvaltast med den ordenen og verdigheit som deira eigenart tilseier, jf. gravplassforskrifta § 1.

Me tilrår derfor føresegner om arealbruken i nærområda til gravplassar, gjerne teikna inn med omsynssone i plankartet, for å sikra at tiltak eller aktivitet på naboareal ikkje kjem i konflikt med gravplassforskrifta § 1.



Omsynssone for kulturminne og andre verneverdiar

Gravplassar inngår ofte i område med freda/listeført kyrkjer eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap, slik at gravplassar/kyrkjestader som hovudregel skal avsetjast med omsynssoner. Sjå meir her: [Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#)

Gravplassar kan også inngå som del av strategi for berekraftige byar og lokalsamfunn (jf. FNs berekraftsmål nr. 11).

Gravplassmelding/temaplan for gravplassar

Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplassar for kommunes innbyggjarar, jf. gravplassforskrifta § 2 (sjå også gravplasslova § 2). Kommunen bør i samarbeid med lokale gravplassstyresmakt laga ei gravplassmelding, som blir rullert/oppdatert som ein del av kommuneplanlegginga. Gravplassmeldinga gjer greie for status for gravplassane i kommunen, med plan for utvikling av desse og behova for areal. Les meir her:

<https://www.gravplassveileder.no/nb/stedet/gravplassmelding/>

Avslutningsvis

Vi meiner Ål kommune har gjennomført eit omfattande og godt arbeid med arealdelen kor dei nye arealinnspela er framstilt på ei oversiktleg måte. Til dømes er det positivt at den nye arealdelen er lagt ut digitalt på kartinnsyn slik at det blir lettare å vurdere dei nye områda. Sjølv om vi har nokre motsegn, er vi einige i mange av dei strategiske vala som er lagt til grunn og meiner føresegna har mange gode føringar og intensjonar.

Vi ser fram til nærmare dialog kring det vidare arbeidet med arealdelen.

Med helsing

Gunhild Dalaker Tuseth
avdelingsdirektør
Klima- og miljøvernavingdelinga

Eli Kristin Nordsiden
seksjonssjef

Innsigelsene som er fremma er også godkjent av avdelingsdirektør for landbruk. Dokumentet er elektronisk godkjent.

Medsaksbehandlarar: Steinar Jacobsen (gravplassar), Elin Ristvedt (helse), Ståhle Bakstad (landbruk), Lise Økland (vassmiljø) og Anine Jensen (samfunnstryggleik)

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat	PB 5091 Majorstuen	0301	OSLO
Statens Vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	ved Statsforvaltaren i Vestland - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Viken fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG